## Klatring i veggen og tur til konserten

02.08.2013



**Barnas Turlag i Kvinnherad arrangerer innandørs klatring for born i Aktivitetshuset i morgon frå klokka 10 til 12.**

**Dei stillar med fleire kyndige aktivitetsleiarar som hjelper til med sikring og enkel instruksjon. I tillegg kjem Sunniva Eik til å vera med. Ho er trekkkplasteret og vil gje råd og tips. Kanskje viser ho også nokre triks?**

Turlaget stiller også opp i samband med konserten på Storhaug laurdag føremiddag.
Dei har organisert tur frå grusbana klokka 11 medan konserten med Oslo Ess startar klokka 13.
Dei som ynskjer å gå opp på eigen hand kan sjølvsagt få kjøpt pass eller billett på toppen.




:orhending på Storhaug 3.august!

